



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
37/26	Eldrerådet	25.08.2026
32/26	Råd for personar med nedsett funksjonsevne (PNF)	25.08.2026
90/26	Formannskapet	01.09.2026
	Kommunestyre	

Hakelletrappa - søknad frå Åram IL om forskottering av meirverdiavgift

Samandrag:

Åram Idrettslag har tidlegare fått kommunal støtte og har fått spelemidlar til utbygging av Hakelletrappa. Laget søker no om ytterlegare forskottering med kr 400 000.

Formannskapet 01.09.2026

Behandling:

Endring, foreslått av Paul Sindre Vedeld, Senterpartiet

Det vert gitt positiv tilråding til MVA kompensasjon for Hakkaletappa med atterhald om frie disponible midlar etter rekneskapsavslutning 2026

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Endring**

Paul Sindre Vedeld (SP)

For: 7 stemmer (100%) - Ap 2, Frp 1, H 1, INP 1, SP 2

Stemmer:

Nils Olav Moen (INP)

Merete Vatne (SP)

Elisabet Lauvstad Haugen (Frp)

Per-Johnny Brekke (H)

Paul Sindre Vedeld (SP)

Njål Sivertstøl (Ap)

Caroline Juul (Ap)

Mot: 0 stemmer (0%)

FO - 90/26 Vedtak

Det vert gitt positiv tilråding til MVA kompensasjon for Hakkaletappa med atterhald om frie disponible midlar etter rekneskapsavslutning 2026

Råd for personar med nedsett funksjonsevne (PNF) 25.08.2026

Behandling:

Framlegg til vedtak, foreslått av Ottar Jan Løvoll ,

Råd for PNF vil gje ei positiv tilråding med atterhald om frie disponible midlar etter rekneskapsavslutning

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Framlegg til vedtak**

Ottar Jan Løvoll

For: 3 stemmer (100%) - Ap 1, V 1

Stemmer:

Karen Birte Bjørlykke (V)

Ottar Jan Løvoll

Roger Alf Eikeset (Ap)

Mot: 0 stemmer (0%)

PNF - 32/26 Vedtak

Råd for PNF vil gje ei positiv tilråding med atterhald om frie disponible midlar etter rekneskapsavslutning

Eldrerådet 25.08.2026

Behandling:

Framlegg til vedtak, foreslått av Ottar Jan Løvoll ,

Eldrerådet vil gje ei positiv tilråding med atterhald om frie disponible midlar etter rekneskapsavslutning 2026

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Framlegg til vedtak**

Ottar Jan Løvoll

For: 5 stemmer (100%) - Frp 1, SP 1

Stemmer:

Gudbjørn Vik

Jorun Ristesund Nystøyl (Frp)

Ottar Jan Løvoll

Paul Sindre Vedeld (SP)

Ragnhild Sande

Mot: 0 stemmer (0%)

EL - 37/26 Vedtak

Eldrerådet vil gje ei positiv tilråding med atterhald om frie disponible midlar etter rekneskapsavslutning 2026

Kommunedirektøren si tilråding:

Vedtak som innstilling frå Eldrerådet, 25.08.2026 - 37/26

Eldrerådet vil gje ei positiv tilråding med atterhald om frie disponible midlar etter rekneskapsavslutning 2026

Vedtak som innstilling frå Råd for personar med nedsett funksjonsevne (PNF) , 25.08.2026 - 32/26

Råd for PNF vil gje ei positiv tilråding med atterhald om frie disponible midlar etter rekneskapsavslutning

Saksopplysningar:

Det blir vist til at Åram IL har søkt om forskottering av meirverdiavgift til vidare arbeid med Hakalletappa:

- "Åram IL søker Vanylven Kommune om å forskuttere betalt mva i forbindelse med bygging av Hakalletrappa. I 2025 fikk vi levert 210 tonn med stein. Dessverre manglet vi kapital så det ble ingen trappebygging i fjor. I år derimot har vi fått støtte fra privatpersoner med ca 2 million. Fire sherpaer jobbet 4 uker i april/mai og fikk laget ca 120 trinn i et svært vanskelig trappeparti.

Mva refusjonen vil vi ikke kunne få utbetalt før året etter at trappa er ferdig. Tilgangen på kapital vil bestemme når trappa blir ferdigstilt. Vi har som mål å få bygget ca 200 trinn hvert år (4 sherpaer i 4 uker). Lykkes vi med det vil den stå ferdig om 5 til 6 år (eller tidligere når trappa når en lengde på 1000 meter som er minimum lengde for å få spillemidler og derigjennom mva refusjon).

Fakturaer for de 4 ukene i år er på kr 2.348.707,- inkl mva kr 469.741,- (3 fakt. vedlagt).

Hakalletrappa blir et «fyrstårn» for vårt område, spesielt sett i sammenheng med Stad Skipstunnel, Klovning Havn og Hakallegarden"

I denne samanheng blir det vist til at kommunen i k-sak 47/23 støtta dette prosjektet med kr 750.000, samt at Åram IL har søkt og fått støtte til spelemidler i denne saka. Vidare blir det vist til k-sak 134/24, der kommunestyret vedtok forskottering av meirverdiavgift på kr 400.000 til Åram IL for utbygging av Hakalletrappa.

Kommunedirektøren viser til at utfordringa til kommunen er at vi ikkje har frie midlar, og at det er nødvendig med eit mindrefobruk i 2026 for å kunne sikre frie midlar. Det vil seie at eit vedtak om forskottering eventuelt må givast med atterhald om frie disponible midlar etter rekneskapsavslutninga 2026.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren viser til at kommunen har vore positive til forskottering av meirverdiavgift, men det er nødvendig at kommunen har frie midlar til slik forskottering.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende

Miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Dette er midlar som det er sannsynleg at kommune får tilbakebetalt,

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør